

Protokoll styremøte

Møtenummer : 10/2016-2018
 Dato : 28.september 2017
 Klokka : 18.00- 20.30
 Stad : Idrettens hus.

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Martine Viken		X		
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian		X		
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Ingrid Narum , plan og utviklingsleiar	X			
Erling Benjaminsen, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Fredag 10. november 2017 Sogndal kl.18 m/overnatting til Idrettens Møteplass
 Måndag 4. desember 2017 Førde kl.18

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

Nytt sidan sist v //Styreleiar, organisasjonssjef.

- Stortingsvalet 2017 -evaluering.
- Årets eldsjel 2017
- Besøk frå idrettsstyret.
- Idrettens møteplass
- Samspel
- Grenselaus idrettsdag 2018
- Anleggskonferansen 18.okt 2018

Representasjon:

Årsmøte Flora idrettsråd 26.09.17 - Ingrid Narum

SAKER :

- 38 2016 - 2018 Protokoll frå førre møte
- 39 2016 - 2018 Økonomisk oversikt pr, 31.08.17
- 40 2016 - 2018 Jubileumskomite` 100 års jubileum
- 41 2016 - 2018 Rullering HP 2018-2020
- 42 2016 - 2018 Regionalisering av idrettskretsane
- 43 2016 - 2018 Val av tidspunkt og stad for idrettskrinstinget 2018
- 44 2016 - 2018 Krinsleiar møte 2017

Sak 38 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjent

Bakgrunn : Jfr protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr 9/2016-2018

Sak 39 Økonomisk oversikt pr. 31.08.17

Vedtak: Teken til orientering.

Bakgrunn: Økonomisk oversikt pr. 31.08.17.

Sak 40 Jubileumskomite 100 års jubileum Sogn og Fjordane idrettskrins 100 år

Vedtak: Jubileumskomite 100 års jubileum 2019 vert Martine Viken frå Idrettskrinsstyret, Yngve Thorsen, Sogn og Fjordane skikrins, Anne Leversund , organisasjonssjef .

Bakgrunn : Sogn og Fjordane idrettskrins rundar 100 år i 2019.
Styret vedtok i sak 33-2016/2018 å sette ned ein jubileumskomite på tre personar.

Sak 41 Handlingplan 2016-2020 skal rullerast 2018-2020

Vedtak: Styret tek saka til vitande og oppfordrar adm. til å fortsette arbeidet med forenkling av handlingsplanen knytta opp mot IPD og utviklingsplanane.

Bakgrunn : Idrettskrinsen sin handlingplan 2016-2020 skal rullerast på idrettskrinstinget i april 2018. Administrasjonen legg fram ramme for rullering av planen .

Sak 42 Regionalisering av idrettskretsane .

Vedtak: Styret gir fullmakt til styreleiar og org.sjef til å starte ein dialog med Hordaland Idrettskrets om ein eventuell samanslåing av idrettskrinsane.

Bakgrunn : Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har vedteke å slå seg saman. Den nye regionen skal gjelde frå 01.01.2020 og vart vedteken i Stortinget 8.06.2017.

Korleis skal Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland Idrettskrets tilnærme seg dette. Styret diskuterer og lagar framdriftsplan for arbeidet. Styreleiar innleiar om saka.

Sak 43 Idrettskrinstinget 2018.

Vedtak: Idrettskrinstinget 2018 vert halde Sogn i 14.april.
Administrasjonen jobbar vidare med saka.

Bakgrunn: Sogn og Fjordane idrettskrins skal avhalde idrettskrinsting 2018. Styret må diskutere rammer og omfang for tinget, samt vedta tid og stad for idrettskrinstinget.

Sak 44 Krinsleiar møte 2017

Vedtak : Krinsleiar tek innspel frå styret med seg til krinsleiar møtet.

Bakgrunn : Krinsleiar møte 2017 vert arrangert 29.09. - 01.10.2017 i Bergen. Styreleiar/org sjef innleiar på saka. Sjå vedlagte saksliste for møtet. Tema som Idrettskrinsstyret bør diskutere og gje tilbakemelding på :

- Spelemiddelsøknaden 2018
- Korleis bør idrettskrinsane si rolle og oppgåveløysing være i framtida ?
- Idrettskretsforum, mandat og oppgaver



Anne Leversund
Organisasjonssjef